

Årsrapport 2020 – Forskargruppa

Text, Action and Space (TAS) / Tekst, Handling og Rom (THR)

[\[https://www.uib.no/le/121882/research-group-text-action-and-space-tas\]](https://www.uib.no/le/121882/research-group-text-action-and-space-tas)¹

(1) Forskargruppas leiar pr 1. januar 2021:

Prof. Lars Sætre, Allmenn litteraturvitenskap, LLE.

(2) Deltakarar:

Seniorforskarar (1 intern LLE; 2 interne UiB; 4 eksterne internasjonalt):

Lars Sætre (LLE, UiB); Randi Koppen (IF, UiB); Asbjørn Grønstad (Infomedia, UiB); Tone Selboe (ILOS, UiO); Ragnhild Evang Reinton (ILOS, UiO); Svend Erik Larsen (emeritus Aarhus U; MAE); Susana Onega (U of Zaragoza; MAE). – [Tidl. seniordeltakarar i gruppa/prosjektet og i fleire bøker: †2013 Atle Kittang (LLE, UiB); †2019 Patrizia Lombardo (U de Genève; MAE); †2021 J. Hillis Miller (U of California/Irvine); Erika Fischer-Lichte (Freie U, Berlin).]

Juniorforskarar (2 interne LLE; 2 interne UiB; 1 ekstern UiT; 4 eksterne internasjonalt):

Anders Kristian Strand (LLE, UiB); Anders M. Gullestad (LLE, UiB); Jorunn Svensen Gjerden (IF, UiB); Øyvind Vågnes (Infomedia, UiB); Henrik Gustafsson (Kultur og Litteratur/Film, Media, UiTø); Mads Rosendahl Thomsen (Comp.Lit., Aarhus U; MAE); Hans Lauge Hansen (Spansk/Spansk-Am. Lit., Aarhus U); Pieter Vermeulen (Am. and Comp.Lit., Univ. of Leuven), Corina Stan (Comp.Lit., Duke Univ., USA). – [Tidl. juniordeltakarar i gruppa/prosjektet og i fleire bøker: Mads Thygesen (Aarhus U; Danish National School of Playwriting, Aarhus); Jakob Ladegaard (Aarhus U); Mads Anders Baggesgaard (Aarhus U).]

Postdocs (3 eksterne internasjonalt):

Sara Tanderup Linkis (Comp. Lit., Lund U); Julien Zanetta (Univ. Saint-Louis, Bruxelles, og U de Genève); Teresa Carbayo López de Pablo (Georgetown U, USA).

Ph.d.-studentar (1 intern UiB; 1 ekstern UiO):

Helle Håkonsen Lapeniene (Am. Lit., IF, UiB); Emma Helene Heggdal (Litt.vitenskap, ILOS, UiO). – [Tidl. Ph.d.-kandidat i gruppa/prosjektet og i bok: Boris Grkinic (U of Vienna).]

Masterstudent (1 intern LLE):

Anna Solbakk Fredsvik (Litt.vitenskap, LLE, UiB). – [Tidl. masterdeltakar i gruppa og i bok: Thomas Anthony Hill (LLE, UiB).]

(3) Ansvarlege for vedlikehald av forskargruppas nettside:

Prof. Lars Sætre, LLE (innhald); komm.rådgivar Ingrid Endal, HF (elektr. implementering). – Nettsida på LLE/UiB-domenet har òg link til gruppas arbeidsnettside. Begge er under pågåande oppdatering. Det er viktig at ingen av nettsidene blir fjerna.

(4) Forskargruppa sine aktiviteter 2020:

Fire særøstende avgrensa aktivitetar 2019 og 2020 samanlikna med øvrige år: (1) alvorleg sjukdom heile V-2019 hos leiar (uforskyldt påført gjennom feilbehandling i helsevesenet); (2) medan i full teneste: fem mnd. stell/omsorg av medlem i leiars familie under rekonvalesens 2019 etter omfattande operasjon; (3) leiars nærmaste gruppe- og prosjektmedarbeidar, prof. Patrizia Lombardo, døydde prematurt juni 2019 (prof. J. Hillis Miller gjekk bort febr. 2021), vanskeleg og upassande straks å vidareføre planlagt arbeid og workshop i 2020; (4) pandemi-situasjon f.o.m. 12/3-2020, året til endes eit heilt anna tids- og ressurskrevjande regime i det regulære stillingsarbeidet dag-til-dag for alle medarbeidarar, utan høve til forskarsamlende reiser. – Dette har likevel funne stad 2020: Arbeid med TAS-nettverking pr e-postar og Zoom. Kontaktmøter mellom leiar og Grønstad, Onega, Larsen, Stan og Thomsen om neste prosjektfase: TAS Phase IV; fokus på overordna prosjektmansjett. Konsolidering av forskargruppa. Kontinuerleg kontakt med eksternt bevilgande Centre Universitaire de Norvège à Paris (CUNP), ubrukt/utsett tildeling gitt: 30.000. – Ny TAS-prosjektfase-oppstart var i framskriden førebuing (også gjennom leiars vedvarande finansieringsarbeid), invitasjonar skulle ut til TAS-forskargruppa (gamle og nye) V-2020, dette vart skipla av pandemi-regimet 2020. – E-post- og Zoom-kontakt har fungert godt mellom dei leiande og øvrige i gruppa gjennom heile 2020. – Ei god oppside pr dags dato er at

¹ Frå starten i 2006 arbeider forskargruppa langsiktig med det LLE-baserte, internasjonale og tverr-estetiske prosjektet TAS: "Text, Action and Space (TAS): Performative language and topographical patterns as converging areas in modern drama, prose fiction, and film. An interdisciplinary approach to literary and cultural studies". Som forskargruppe etterstrebar TAS jamn nasjonal/internasjonalt fordeling, kjønnsmessig balanse, jamn fordeling mellom seniorforskarar, juniorforskarar, postdocs, ph.d.-studentar og masterstudentar, og den har tilretteleggande og rettleiande fokus på postdocs, ph.d.-studentar og masterstuderande. – TAS har arbeidd som nettverksprosjekt sidan 2006, med alle deltakarar samstundes i full ordinær teneste. Hittil sju workshops i Paris og i Bergen. Publiserer internasjonalt på engelsk. – I sine tre bøker hittil har TAS publisert 51 internasjonalt peer-reviewed og poengteljande enkeltbidrag. – Første bok er antologien *Exploring Textual Action* (eds. Sætre, Lombardo, Gullestad), på Aarhus University Press (AUP), 2010. Andre bok er *Exploring Text and Emotions* (eds. Sætre, Lombardo, Zanetta), på AUP, 2014. Tredje bok er *Exploring Text, Media, and Memory* (eds. Sætre, Lombardo, Tanderup Linkis), på AUP, 2018. Blant dei tre redaktørane (to er seniorar inkl. Sætre) er i kvar bok ein ph.d.-student medredaktør. – TAS er tildelt Endorsement av Academia Europaea.

leiar og dei leiande i gruppa er i tett, pågåande kontakt for ferdigstillande utarbeiding av fjerde prosjektfase med invitasjonar; sidan før jul 2020 har særleg leiar og prof. A. Grønstad arbeidd tett med dette. – Ei anna oppside er at ei rekkje av gruppemedlemmene sidan H-2020 til d.d. har meldt si sterke interesse for ny prosjektfaseoppstart, som altså er i arbeid.

(5) Mottatt støtte 2020:

Reelt sett inga mottatt støtte i 2020. Teknisk sett to postar: (1) LLE-småforskløyving (20.000) er blitt avhenda tilbake som ubrukt til LLE/HF ettersom planlagt Phase IV TAS-workshop 2020 av ovanfor nemnde grunnar har måtta settast på vent; (2) innvilga løyving etter søknad (30.000), stilt til disp. som workshop-støtte av CUNP i Paris, er forblitt ubrukt av samme grunnar.

(6) Publikasjonar direkte knytte til forskargruppas aktivitetar:

Ut over sine hittil tre publiserte forskingsantologiar med totalt 51 internasjonalt peer-reviewed og poengteljande enkeltbidrag (sjå fotnote 1), har TAS/THR i 2020 ikkje publikasjonar som er direkte knytte til gruppas 2020-aktivitetar. Med så mange enkeltbidrag som dei hittil tre bokutgivingane som TAS har, er det ikkje urimeleg å anta at fleire av desse individuelt har avfødd nye, 2020-publikasjonar. Ved raskt ettersyn i ei handfull av gruppemedarbeidarar sine 2020-publikasjonar, finn eg arbeid som har utspring i hhv. er vidare bearbeidingar og/eller utvidingar av originale TAS-publikasjonar.

(7) Søknad om eksterne prosjektmidlar knytte til forskargruppas aktivitetar:

Jfr. punkt (5) ovanfor. – Innvilga søknad til CUNP i Paris om støtte (30.000) til 2-dagars workshop for TAS Phase IV, er ny-stadfesta. Både første og andre plan om Paris-workshop måtte av ovanfor grunnigvne, spesielle omstende forskyvast vidare ut i tid. Støttesummen er difor ubrukt. TAS/THR held fram kontakten med CUNP og legg opp til workshop-samling H-2021.

(8) Forskargruppas planar for 2021:

— Nettverking, vidare Phase IV-planlegging. – Arbeide med TAS Phase IV som nybok-prosjekt. Vil strekke seg noko inn i 2022. ”Exploring Text and Materialities” er aktuelt. Ut over TAS si tverr-estetiske litteratur-, drama-, film-, medie- og kulturfaglege orientering, kan det òg bli aktuelt å inkludere få representantar frå “Medical Humanities”.

— Skipe til 2-dagars workshop ved CUNP i Paris, ca 15 deltakarar. – Paris er klart billegast og mest praktisk stad for vår internasjonale gruppe (klimafaktoren ved flyreise er eit problem). – Kvar betaler reise av eigne midlar. Vi er avhengige av å kunne yte noko overnattingsstøtte til dei deltakande (som vanleg: rimeleg hotell nær Panthéon).

— Workshopen gir kommentarar til og vidare tilvisingar for haldne innlegg. Inkl. leiar etablerer den redaktør-trio og tre redigeringsundergrupper. Etter workshopen, innan frist, vil leiargruppa/redaktørane motta dei enkeltvis omarbeidde manusa, i samsvar med kunnngjort format og style-sheet. – Starte redigeringsarbeidet. Nettverking. – TAS baserer sine bøker på ein strikt, dobbelt-fasa kritikk- og redigeringsprosess ved rigid intern peer-reviewing, etter avtale med forlaget. Master-, ph.d.-studentar og postdocs får særleg rettleiande støtte. – Sende ut batches av manuskript til *første* redaksjonelle lesing og konstruktive kritikk i dei tre undergruppene. – Redaktørane (som òg er redigeringsgruppe-medlemmer) mottar redigeringsgruppens arbeid. Sender ut til bidragsytarane for ny omarbeiding innan frist. – Ny innsending; *andre* kritiske redigeringsrunde i undergruppene, med frist. – Mottak frå gruppene av endelege redigeringskommentarar til kvart manuskript.

— 3-dagars TAS-leiargruppemøte med fokus på framleis moglege omarbeidingar i enkeltbidraga. Føreta inn/ut-avgjerder om bidraga (evt. med siste-fristar for omarbeiding). – Endeleg redigering, samansetting og komposisjon ved bokas tre redaktørar. Ferdigstilling av masterdokument for heile antologien, inkl. hyperkoplingar. Oversending til forlag, inkl. redaktørane utarbeiding av

Index, Contributors-segment, og deira ferdigskrivne førstekapittel. Sistnemnde vil omfatte kontekstualisering og motivering; forskingshistorisk oversyn; teoretisk relevante rammer; frampeik til forskingsfunn i og teoretiske nyvinningar ut frå utforska materiale; og tilvisingar til vidare lesnad. – Deretter forlagetets anonyme peer-reviewing.

— Parallelt med ovanståande: TAS/THR vil søkje om LLE-småforsk/-interne hhv. HF-midlar til forskargruppa og del-prosjektet i neste utlysingsrunde. – TAS tenkjer òg å søkje eksterne midlar (ut over CUNP), i første rekke i Danmark. – Slutteleg vil TAS òg søkje LLE om publ.støtte.

Bergen, i mars 2021

Lars Sætre (sign.)

Professor i Allmenn litt.vitskap, LLE/UiB
Forskargruppe- og Prosjekt-leiar TAS / THR